

Kalking som før i elva

21.01.2009



**Uskedal grunn- og elveeigarlag ønskjer å halda fram som før med kalking i elva.
Leiar Kåre Vetrhus har no søkt fylkesmannen om tilskot til vidarekalking.**

Laget ønskjer ikkje å endra kalkinga i 2009 samanlikna med tidlegare.
Det blir opplyst i søknaden at det er sett ut fisk i 2008 og at dei planlegg å gjera det også dette året.

Vetrhus svarar bekreftande på at fisken ynglar og det gjeld både laks og aure.
Han opplyser at det som før vil verte selt fiskekort etter kalkinga, som skal skje i september.

I fjor vart det selv 49 sesongkort og 57 andre kort, opplyser han.

Biletet er frå kalkinga for eitpar år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)